

# Notat

**Til:** Hovudutval for plan og næring

**Frå:** Fylkesdirektøren, Næringsavdelinga

## Regional plan for verdiskaping - Drøftingsnotat

### Føremål med notatet:

Drøfting av utvalde problemstillingar i forkant av formell handsaming av høyringsutkast.

### Framdrift:

Planutkastet vert lagt fram til formell handsaming i HPN 25/2 og fylkesutvalet 26/2.

## 1 Status

Arbeidet med ny verdiskapingsplan bygger på planprogram vedteke av fylkesutvalet 15/5 2013. Planprogrammet føresette plantema utvikla av arbeidsgrupper:

Tema:	Utført av:
Overordna problemstillingar for verdiskapingsplanen	Næringsforum
Plantema Nyskaping	Næringsforum
Plantema Kunnskap	Eiga arbeidsgruppe
Plantema Fornybar energi	Eiga arbeidsgruppe
Plantema Sjømatnæringar	Eiga arbeidsgruppe
Plantema Reiseliv	Næringsforum
Plantema Landbruk	Næringsforum
Plantema Petroleumsnæringar	Næringsforum

Dei tre siste plantema har relativt nye analyse-/ strategidokument og næringsforum skulle vurdere korleis desse vart kopla på verdiskapingsplanen og ev om det var nyttig å vente med ny strategisk planlegging.

Plantema nyskaping handlar om å legge til rette for nyskaping. Det vert utforma ein plattform for samarbeid om å forbetre denne rolla. Målet er først og fremst å utvikle det offentlege som god hjelpar for innovasjon og nyskaping.

Utvikling av satsingsområda pågår framleis. Status vert formidla 4/2.

Hovudutvalet drøfta plantema fornybar energi og sjømatnæringar på sitt møte 23. oktober og plantema kunnskap og nyskaping 26. november. Infrastrukturutvikling var tema for HPN 26. november og i planutvalet 27. november.

I planprogrammet vart det føresett utgreiingsarbeid om mineralressursane og om kulturnæringane. Dette arbeidet har av kapasitetsgrunnar ikkje blitt starta opp enno.

## 2 Arbeidet med prioritering

Arbeidsgruppene har prioritert, men er naturleg nok ambisiøse på sine felt.

Leiarnivået i partnerskapen (Næringsforum) set sine grenser for kor mange ambisjonar ein vil forplikte seg til å samarbeide om. Diskusjonen i næringsforum 22/ 1 og 4/2 fører til ei prioritering og bort-prioritering av framlegg m.a. ut frå kapasitetsomsyn og ut frå kva ressursar vi samla har tilgang til.

I møtet 4/2 vil fylkesdirektøren orientere om status for å få synspunkt.

Vårt framlegg er at høyringsfasen vert brukt til å teste ut kva høyringsinstansane prioriterer høgast.

## 3 Arbeidsgruppene sine innspel – politiske problemstillingar

Når arbeidsgruppene vert spurde om å prioritere politiske problemstillingar, så er hovudtilbakemeldinga:

- interessehevdning
- kva infrastrukturiltak (inkl utdanningstilbod) som vert vurderte som naudsynte (Ikkje omtala nærare nedanfor)

Vi kan stille spørsmål ved verdien av å drøfte desse innspela lausrivne frå samla strategi. Med dette som påminning; her følgjer innspela ubearbeidde av næringsforum.

Eit viktig føremål med drøftinga kan vere korleis hovudutvalet ønskjer å arbeide med den politiske sida ved verdiskapingsplanen.

### 3.1 Landbruk

Vi viser til HPN-sak 11/13. I eit innspel til næringsforum sitt arbeid (tidleg fase i arbeidet) heiter det:

## Nasjonal politikk

Landbruket vert i stor grad styrt gjennom nasjonale ordningar. Dette gjeld lovar og forskrifter samt økonomiske verkemiddel. I tillegg må Norge handle i tråd med internasjonale avtalar. Dette gjeld t.d. nivået på støtteordningar og tollmurar, reglar for hald av husdyr og bruk av plantevernmiddel. Landbruket sine organisasjonar drøftar kvar år nivået på dei økonomiske verkemidla med staten.

## Regionalt handlingsrom

Innafor dei nasjonale ordningane er det eit regionalt handlingsrom. Dette gjeld både lovar/forskrifter og økonomiske verkemiddel. Døme på dette er:

- Spreiing av husdyrgjødsel - kommunen fastsetje siste frist for spreiiing på eng
- Kjøp av landbrukseigedom - kommunane gjev konsesjon ved kjøp
- Tildeling av BU-midlar – ei partssamansett gruppe fastset generelle reglar og satsingar i fylket. Konkrete søknader vert handsama av Fylkesmannen eller Innovasjon Norge
- Regionalt Miljøprogram – ei partssamansett gruppe definerer ordningane for fordeling av nasjonale midlar
- Rekruttering, likestilling og kompetanseheving – kvart einskild fylke prioriterer tiltak og fordeling av nasjonale midlar

Kvart einskild fylke må nytte det regionale handlingsrommet. Det kan gjerast gjennom innretting av økonomiske verkemiddel, ved å setje ting på dagsorden eller ved å samordne innsatsen mellom frå organisasjonar.

Dei regionale organa som Fylkesmann, Fylkeskommune og Innovasjon Norge har eit særskild ansvar for å halde sentrale styresmakter oppdatert på korleis nasjonal politikk slår ut i Sogn og Fjordane og kome med framlegg til korleis ting kan løysast.

## 3.2 Petroleumsnæringar

Vi viser her til HPN-sak 7/13 Utviklingsanalyse for petroleumsnæringane.

I oppsummeringa i utviklingsanalysen står det m.a.:

- «Maritim forening blir edderkoppen i utvikling av leverandørnettverk
- Men fylkeskommunen blir en helt sentrale politisk aktør
- Og oljeselskapene må ta fylkets bedrifter med seg ut på sokkelen!»

## 3.3 Reiseliv

Innspel til næringsforum sitt arbeid:

Reiselivsnæringa i Distrikts-Norge er avhengig av nasjonale rammevilkår for å utvikle seg og for at ressursane i fylket kan nyttast fullt ut. Nedanfor er det lista opp kritiske suksessfaktorar som må løftast politisk for å nå måla.

- *Fellesgodefinansiering* .

Det er ei utfordring å få finansiert såkalla «fellesgodar» i reiselivet då det ikkje er opplagt kven som skal betale for det, men som medverkar til at reisemål vert meir attraktive. Nokre land har innført såkalla city tax eller kurtax, ei lovpålagt omsetningsavgift som vert lagt på gjesten si rekning som bidreg til å finansiere fellesgodar. Det bør arbeidast med at kommunar kan innføre ei slik lokal avgift for å kunne finansiere fellesgodar for reiselivet.

- *Offentleg finansiering av destinasjonsselskap som pådrivarar for reiselivsutvikling i sine regionar.*

Destinasjonsselskapa utfører såkalla «fellesoppgåver» på vegne av mange reiselivsbedrifter og kommunar som det i utgangspunktet er vanskeleg å finne finansiering for på ein stabil og langsiktig måte då statleg regelverk for bruk av midlar set ein stoppar for driftsfinansiering gjennom sine regionale utviklingsmidlar. Dette må løysast for at destinasjonsselskapa som har viktige koordinerande funksjonar i sine nedslagsfelt skal kunne ha stabile rammebetingelsar for å arbeide.

- *Utnytting av verneområde i fylket til bruk i reiselivsverksemd.*

Sogn og Fjordane har store naturområde som er under meir eller mindre strenge vernerestriksjonar og som legg band for reiselivsutvikling. Det må arbeidast for å finne handlingsrommet for utvikling og om mogleg utvide handlingsrommet.

- *Trong for utvikling av gode måleverktøy for utvikling av reiselivsnæringa med omsyn til mellom anna gjestedøgn.*

I dag er det til dels mangelfull rapportering på gjestedøgn som ikkje fangar opp dei mange små verksemdene som det finnast mange av i vårt fylke. Tilgjengeleg statistikk er ofte mangelfull og unøyaktig. Overvaking av reiselivsnæringa som fangar opp små verksemdar er vesentleg for å kunne sjå utvikling og setje inn tiltak i tråd med dette. Dette er ei utfordring som er så krevjande at det som eit minimum må løftast på eit fylkesovergripande nivå og helst på nasjonalt nivå.

### 3.4 Sjømatnæringane

Politiske utfordringar slik desse er oppsummerte i hovuddokumentet frå arbeidsgruppa:

- ✓ Arbeide politisk for å prioritere innhenting og opparbeiding av kunnskap for å sikre berekraftig og kunnskapsbasert utvikling av sjømatnæringane.
- ✓ Auke sjømatnæringa sin politiske prioritet gjennom å formidle næringa si viktige rolle i verdiskapinga i fylket og for potensiale for vidare utvikling.
- ✓ Aktiv politisk påverknad nasjonalt og internasjonalt, for å redusere risiko for ureining av havmiljøet. Sjømatnæringa er avhengig av reint vatn i kyst og fjordstrok, for å kunne oppretthalde hausting av fiskeressursar og auke oppdrettsproduksjon.
- ✓ I åra framover ser det ut til at det vert lagt opp til ei stor auke i oljerelaterte verksemdar langs kysten av Sogn og Fjordane. I dei fleste ytre kystkommunane frå Vågsøy i nord og til Gulen i sør er det allereie etablert eller her er planar om etablering av verksemdar som vil ta seg av utrangerte oljeplattformer eller drive med reparasjon og vedlikehald av oljeplattformer. Dette vil føre til ei auke i faren for ureining langs kysten og med det ei stor fare for sjømatnæringane og deira eksistens-grunnlag.

- ✓ Sogn og Fjordane har enno god plass til fleire akvakulturlokalitetar og auka produksjon innanfor ei miljømessig berekraftig forvaltning, og det bør arbeidast politisk for at nye konsesjonar også kjem til fylket og blir nytta til auka produksjon i fylket.
- ✓ Arbeide for å oppretthalde lokalt eigarskap gjennom å sikre gode rammevilkår for små og mellomstore sjømatbedrifter.
- ✓ Politisk arbeid for å utvikle verkemiddelordningar som styrkar innovasjon og nyskaping:
  - Styrke ordningar med offentlege utviklingsmidlar/ eigenkapital i perioden mellom gründerfasa og kommersialisering, som er særleg vanskeleg for sjømatnæringa fordi lang produksjonssyklus gjer at denne fasa tek lenger tid enn i andre næringar.
  - Politisk påverknad for å utvikle nasjonale finansieringsløysingar for å støtte teknologiutvikling og utprøving av pilotar (prototypar) for fiskeri- og havbruksnæringa.
- ✓ Behov for aktiv samfunnspolitikk som styrker attraktiviteten til lokalsamfunn i fylket i rekrutteringssamanheng, slik at næringslivet klarer å tiltrekke seg den rette kompetansen og dermed sikre ei positiv utvikling av bedrifter og lokalsamfunn.

### 3.5 Fornybar energi

Politiske utfordringar slik desse er oppsummerte i hovuddokumentet frå arbeidsgruppa:

Mange reglar og reguleringar innan fornybar energi pålegg næringa store ekstra kostnader, og er i ferd med å true økonomien i næringa. Dette er ei utvikling som kan gå sterkt utover Sogn og Fjordane som er eit av fylka i landet med dei største ressursane innan vasskraft og vindkraft. Dei viktigaste politiske problemstillingane no er:

1. Handsamingstid for konsesjonar for fornybar kraft – elsertifikat etter 2020.
2. Grunnrenteskatt
3. Regionalnett – tariffar
4. Vasskraftdirektivet/vilkårsrevisjon.

#### a. Handsamingstid for konsesjonar for fornybar kraft – elsertifikat (Grøne sertifikat) etter 2020

Etter Lov om Elsertifikat av 24.11.2011, er reglane for utbygging av fornybar elkraft i dag (vasskraft, vindkraft, solenergi, termisk energi, mv.) slik at kraftverket må **vere utbygd og i drift** innan 31.12.2020 for at det skal få tildelt grønne sertifikat. Eit kraftverk som er godkjent mottakar av elsertifikat (dvs. meirinntekt) vil motta denne meirinntekta over ein periode på 15 år (til seinast 31.12.2035). Produksjonsanlegg som vert sett i drift etter 31.12.2020 kvalifiserer ikkje for rett til elsertifikat.

I Sogn og Fjordane er det ein lang kø av søknader om konsesjonar om småkraftverk og andre utbyggingar av kraftproduksjon og nett som ikkje vil bli ferdig handsama før 420 kV lina er på plass. Dvs etter 2015/2016. I tillegg til denne lina er det behov for å styrkje regional og lokalnett monadleg for å kunne ta unna den forventade auken i produksjonen av kraft frå ulike typar kraftverk. Det vil då bli eit stort press i marknaden for å få godkjent konsesjonar på kraftproduksjonsanlegg og nett samt og bygge og sette i drift produksjonsanlegget før 31.12.2020.

**For næringa i Sogn og Fjordane er det av avgjerande betydning at NVE halverer si sakhandsamingstid for konsesjonar, og at klagehandsamingstida i OED vert redusert til eit minimum.**

Den korte tida vi no har fram til 31.12.2020 medfører:

- At mange utbyggjarar kjem i tidsnaud. Det vil for mange vere usikkert om dei får realisert sine prosjekt innan fristen, noko som kan vere avgjerande for lønsemda i prosjektet.
- At det i perioden fram til denne tidsfristen vert eit ekstremt press i marknaden for utbygging av produksjonsanlegg, med tilhøyrande prispress og auka investeringskostnader. Dette vil igjen gjere produksjonsanlegga mindre lønsame.
- Svært mange prosjekt kjem ikkje i posisjon til å kunne komme i produksjon innan fristen, og mange vil i verste fall måtte skrinleggjast.

#### **b. Grunnrenteskatt**

Myndighetene gjennomførte i 1997 ei kraftskattereform der ein innførte ein superprofittskatt, grunnrenteskatt for vasskraftverk. For å sikre at ein skulle få ei normalavkastning på den investerte kapitalen blei det rekna ut ei friinntekt som var skjerma frå grunnrenteskatt. Opprinneleg inneheldt den berekna friinntekta eit risikopåslag i tillegg til ei risikofri statsrente. Dette påslaget blei fjerna i 2007.

#### Konsekvensar:

- midlar blir tappa frå lokale eigarar, eigarselskap, kommunar og fylkeskommunar og overført til staten.
- Gode, nye prosjekt med fornybar energi med marginal lønnsemd ikkje vil bli realiserte som følgje av den tunge skattebyrden dei første driftsåra.
- Kraftverksselskap kan gå konkurs eller bli tvinga til å selje til eksterne investorar og ressursane blir tappa frå lokalsamfunn.
- Kostnaden grunnrenteskatten representerer fører til at ein vel å bygge ut mindre anlegg (under 5500 kVA) som ikkje utnyttar naturressursen samfunns messig optimalt.

#### **Oppfordring**

- **Det er naudsynt å endre normrenta for friinntekt frå Statskasseveksler til ei langsiktig rente med eit risikoelement i seg.**
- **Subsidiært er ei løysing at ein skjermar nyoppstarta prosjekt for grunnrenteskatt dei første driftsåra, for deretter gradvis å innføre den med ein sjablong.**

#### **c. Regionalnett - tariffar**

Utbygginga som no skjer innan vasskraft og vindkraft er ikkje for å dekke elbehovet for innbyggjarane i Sogn og Fjordane. Denne utbygginga er ein del av ein nasjonal energistrategi, og for å dekke energibehov andre stader i landet. Utbygginga krev ei styrking av sentralnettet som no vert gjennomført ved bygging av 420 kV lina Ørskog – Sogndal. I tillegg vert det behov for å styrkje regional og lokalnett for å få ut all krafta.

Etter dagens modellar vil ein uforholdsmessig stor del av desse kostnadane bli belasta dei lokale/regionale netta og dermed forbrukarane i Sogn og Fjordane. Vi vil difor få ei sterk auke i nettleiga. Effekten vert forsterka når endringar i overliggjande nett i tillegg medfører behov for endringar/investeringar i underliggjande nett.

Dagens modell for nett tariffar vil medføre

- Industridød i Sogn og Fjordane
- At vi aksepterer at nytt forbruk skal leggast i kraftunderskotsområde pga kraftig tariffauke i overskotsområde.

Fleire modellar kan vere aktuelle, men den som kanskje er enklast, mest oversiktleg og lettast å administrere er å ha:

- **Ei sentral eining som basert på nasjonalt kostnadsnivå kalkulerer ein tariff som vert implementert i selskapa sitt tariffsystem.**
- **Kraftintensiv industri – ein del av ordninga, med ein felles nasjonal tariff?**

#### **d. Vasskraftdirektivet / vilkårsrevisjon**

EU sitt rammedirektiv for vatn har heimel i vassforskrifta, og skal implementerast i norsk forvaltning gjennom utarbeiding av regionvise vassforvaltingsplanar med tiltaksprogram. Utarbeiding av dei forvaltingsplanane som skal gjennomførast i fyrste planperiode (2016-2021) pågår no (2010-2015). Målet er at alle vassførekomstar skal ha "God økologisk status" eller betre innan 2021.

I Sogn og Fjordane er 39 konsesjonar reviderbare innan 2022, og det er ingen igangsette eller avslutta revisjonar. Dei viktigaste store påverknadene på vassmiljøet i fylket er vassdragsregulering og sur nedbør. Av moglege tiltak er minstevassføring og magasinrestriksjonar viktige, og desse er produksjonsbegrensande. **Anslått krafttap i fylket ved auke minstevassføring på aktuelle strekningar i prioriterte vassdrag er 160-345 GWh/år, noko som utgjer 1-2 % av samla produksjon i regionen og gjev eit verditap med noverdi i området 1,1-2,2 milliardar kroner.**

For å sikre ei god vurdering av problemstillingane bør fylgjande tre punkt vere del av arbeidet med vurdering av tiltak:

- **Heilskapleg forvaltning av naturmiljø og energiproduksjon**  
Norge må forvalte vassressursane på ein måte som gjer at vi kan nå krava som er stilt til auka produksjon av fornybar energi både nasjonalt og internasjonalt. I dette er det heilt sentralt å oppretthalde produksjonsvolumet av dagens vasskraft i Norge. I vurderinga av kva for tiltak som skal foreslåast i tiltaks- og forvaltningsplanane må det visast stor varsemnd med å foreslå tiltak som gjev tap av vasskraftproduksjon, for eksempel ved endringar i vilkår om minstevassføring og magasinrestriksjonar. Reguleringsevna i produksjonsanlegga får ei auka betyding for å balansere kraftsystemet når vi får stadig meir uregulert fornybar kraftproduksjon som vind- og småkraft. Regulert vasskraft har også ei sentral rolle i høve flaumregulering.
- **Medverknad i planprosessen**  
Vassforvaltningsforskrifta poengterer viktigheita av gode planprosessar og medverknad. Energibransjen omfattar sentrale interessentar og samfunnsaktørar som utnytter viktige naturressursar, skaper store verdiar og sikrar samfunnet energiforsyning og fornybar kraft. Bransjen bør få komme reelt til orde og få delta aktivt i utforminga av forvaltningsplanane og tiltaksplanane som no vert utarbeida ut. Det kan med fordel også opprettast ei referansegruppe med brei deltaking som en arena for dialog og kunnskapsutveksling rundt vassdragsrelaterte tema.
- **Kostnytte - vurderingar**  
Mange tiltak som isolert sett kan vere ynskjelege ut frå lokale miljøomsyn, må balanserast i det store biletet. Energiselskapa og andre interessentar har god kunnskap om miljøtilstanden i reguleringsområda, samt innsikt i kostnader og effektar av miljøtiltak. Dette tilseier at vassregionmyndigheitene må sikre ei aktiv deltaking frå energisida i det vidare planarbeidet. Ein er særleg opptatt av at tiltak som vert foreslått gjennomført i regulerte vassdrag er tilstrekkelig belyst gjennom gode kost/nytte-analyser og at tilgjengeleg kunnskap må vere basis for dei slutningar som vert tekne.

### 3.6. Kunnskap

Politiske utfordringar slik desse er oppsummerte frå arbeidsgruppa før drøftingsmøtet i HPN 26/11 2013:

Eitt av dei mest sentrale temaa i arbeidsutvalet sine drøftingar har så langt handla om korleis vi kan skape ei tettare og meir forpliktande samhandling mellom opplærings- og utdanningsinstitusjonar, forskingsinstitutt, arbeid- og næringsliv og styresmakter for å utvikle utdanningane sin relevans og kvalitet som kunnskaps-/kompetanseleverandør overfor arbeids- og næringslivet i Sogn og Fjordane. Arenaer for tettare samarbeid mellom aktørane vert sett på som ein nøkkel for å utvikle nærings- og samfunnslivet.

Høgskulen i Sogn og Fjordane og den vidaregåande opplæringa har eit unytta potensiale knytt til etablering av ein god og nyskapande metode for å vere kompetansetilbydar for lokalt næringsliv. For å lukkast i å fange opp næringsaktørane sine kunnskapsbehov er vi avhengige av ein god gjensidig kunnskapsflyt mellom samfunns- og næringsliv og aktørane i utdanningssystemet. Eit konstruktivt og velfungerande samspel mellom utdanningsmiljøa og innovasjonsorienterte bedrifter er ein føresetnad. For å styrke det regionale samspelet mellom forskning, utdanning og innovasjonsorienterte bedrifter ønskjer vi å etablere arenaer for dialog, behovskartleggingar og erfaringsutveksling.

Eit langsiktig mål i denne samanhengen er å etablere meir omstillingsorienterte utdanningsinstitusjonar i fylket, og at vi får fram FoU-drivne innovasjonsprosessar der Høgskulen i Sogn og Fjordane og vidaregåande opplæring spelar tett på lag med næringsverksemdar. Dette krev også eit politisk fokus og konkrete politiske prioriteringar, t.d. ved «frikjøp» av lærarkrefter for å utvikle og tilby konkrete kurspakker overfor arbeids- og næringsliv. Merk: Arbeidsutvalet er kjent med at praktisk tilrettelegging knytt til frikjøp av planleggings- og undervisningstid i dag utgjer ei betydeleg hindring for at utdanningsinstitusjonane kan tilby meir kurs og kunnskapsformidling utover eigne elevar og studentar.

Digital kunnskapsinfrastruktur er elles eit tema arbeidsutvalet ønskjer å for alvor sette på den politiske dagsorden. Vi har her vore inne på *streaming* som verkemiddel i undervisninga. Vi har gjort framlegg om eit utgreiingsarbeid knytt til opnare strukturar for *nettbaserte læringsplattformer* i og mellom utdanningsinstitusjonar. Eit fylke som Sogn og Fjordane bør gjere seg nytte av nye teknologiske verktøy, og gjere det vi kan for å imøtekome dei utfordringane som periferien i dag lever med i form av avstandar og små bedrifter med meir.

### 3.7 Nyskaping

Nyskaping er handlar om å legge til rette for nyskaping. Innspelet næringsforum har fått omhandlar politiske problemstillingar innan:

- Tenester frå offentleg sektor
- Næringsapparatet
- Entreprenørskap



- Verkemiddelpolitikk
- Breibandutvikling

## Oppsummering av handlingspunkt i innspelet:

### 3.7.1 Tenester frå offentleg sektor

*Vi hjelper kommunane og dei andre offentlege aktørane til å ha oppdaterte planverk*

Dette inneber

- Synleggjere kor viktig det er med oppdaterte planverk
  - Også ein god samfunnsdel i kommuneplanen som grunnlag for påfølgjande gode og heilskaplege vurderingar kring lokalisering av ulike funksjonar i kommunen
- Støtte kommunane med kompetanse til å utvikle gode og heilskaplege planprosessar i arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel
  - Kome tidlegare inn i planprosessane med gode råd
    - Også om korleis ein kan involvere næringslivet på ein god måte
    - Vidareutvikle arbeidet i Planforum, der dei offentlege aktørane kjem saman og m.a. drøftar ein kommune sin plan
- Arbeide vidare med å vidareutvikle kompetansen til fagmiljøa i kommunane
- Tilby samlingar og nettverk, og stimulere til samarbeid mellom kommunar

*Vi gjer ein felles innsats for å integrere arbeidsinnvandrarane*

Dette inneber

- Bevisstgjere kor viktig det er å få integrert arbeidsinnvandrarane
- Utvikle statistikk og analyser som kan gje betre grunnlag for å setje i verk målretta integreringstiltak
- Utvikle og dele kompetanse om korleis dei ulike aktørane kan arbeide for integrering
  - M.a. gjennom nettverk og samlingar der vi kan lære av kvarandre
  - Dra veksling på det pågåande prosjektet om arbeidsinnvandring i fire Vestlandsfylke

*Vi hjelper lokale leverandørar til å verte meir konkurransedyktige*

Dette inneber at offentleg sektor kan dyktiggjere lokalt næringsliv med tanke på leveransar. Dette gjennom å stimulere til leverandørsamarbeid og vere meir opne for innovative løysingar kring leveransane.

*Vi formidlar eit etterutdanningstilbod som kan takast der folk bur og arbeider*

Dette inneber at vi legg til rette for formidling av etterutdanning som kan takast i kombinasjon med arbeid, og som også femnar om fjernundervising.

*Vi legg til rette for fleire gjennomgangsbustadar*

Dette inneber m.a. at vi stimulerer kommunar og utbyggjarar ved å informere om aktuelle løysingar og lærdom frå andre fylke (m.a. frå Hamarøy kommune i Nordland).

### 3.7.2 Næringsapparatet

#### *Eit næringsapparatet som arbeider meir utadretta og oppsøkande*

Dette inneber at næringsapparatet er meir aktive ute blant næringsdrivande og motiverer, formidlar kunnskap, utviklingsverktøy og rettleiing om korleis ein kan utvikle bedrifta. Dette er særst viktig for å få til vekst i mindre bedrifter, og for å støtte etablerarar i ei krevande tid. Dette arbeidet skal også legge grunnlag for

- Å arbeide målretta med ønska om å få til betre samarbeid mellom bedrifter (også innan leverandørutvikling) og sterkare næringsmiljø i fylket
- Arbeide med tilgang til risikovillig eigenkapital
- Arbeide for å få ein kultur for ei friskare satsing

#### *Styrke næringsapparatet sin kompetanse (m.a. kompetansebygging i kommunane)*

Dette inneber å forsetje det målretta arbeidet med å tilby samlingar, kurs, utdanning og læringsnettverk for næringsmedarbeidarane. Dette ikkje minst for å legge til rette for

- Eit næringsapparat som arbeider meir utadretta og oppsøkande
- Ha kompetanse til å rettleie småbedrifter som bør satse
- Ha tilstrekkeleg kunnskap til å møte dei «nye næringane» på ein god måte

#### *Forenkla næringsapparatet og legge til rette for felles næringssselskap – og formidle eit meir oversiktleg næringsapparat*

Dette inneber at vi må sjå om vi har vore med å etablere eller støtta selskap med eit bedriftsretta tilbod som ligg så nær opp til Innovasjon Norge at oppgåvene heller kan utførast av Innovasjon Norge. Det bør ikkje etablerast nye selskap med bedriftsretta tilbod før ein kan gjort ei nøye vurdering av om dette kan ligge under Innovasjon Norge.

Stimulere til at kommunar går saman om å etablere felles næringssselskap. Dette for å legge til rette for sterkare kompetansmiljø. Men konsekvensen vert også færre aktørar og dermed også eit meir oversiktleg næringsapparat.

Og vi må verte flinkare til å marknadsføre dei to «dørene» inn til hjelpeapparatet. Dette også gjennom Driftig.no, som vi også må marknadsføre betre.

#### *Styrke koordineringa mellom dei ulike næringsaktørane*

Dette inneber at vi bør vidareutvikle dialogen med fleire av aktørane. Som ein del av denne styrka dialogen bør vi sjå meir på rolleavklaringa opp mot aktørar som t.d. Siva. Innanfor utviklingsarbeid er det utfordrande å utforme heilt klare retningslinjer for rolledeling, og gråsoner bør oppdagast og drøftast ved at aktørane er tettare på kvarandre. Og partnerskapen må sjå til at halvoffentlege utviklingsselskap ikkje vert gjevne konkurransevridande fordelar i høve til private tenesteytande bedrifter.

#### *Utvikle regional beredskap for utvikling av «nye næringar»*

Dette inneber at den regionale partnerskapen må koordinere behovet for kunnskap og kapital ved forretningsmessig utvikling av «nye næringar». Partnerskapen skal syte for gode nettverk inn mot Fou og nasjonale/internasjonale investormiljø.

### 3.7.3 Entreprenørskap

*Haldningsskapande arbeid for å få fleire til å satse på eiga bedrift*

*Tilrettelegge for at unge får god entreprenørskapsopplæring og erfaring i barnehage, grunnskule og høgskule*

*Alle kommunar og skular skal ha enkle entreprenørskapsplanar*

*Syte for at entreprenørskapsatsinga i skulen inkluderer samarbeid med lokalt næringsliv*

*Pedagogisk tilsette i Sogn og Fjordane har kompetanse i entreprenørskap*

*Byggje eit nettverk mellom entreprenørskapslærarane i Sogn og Fjordane*

### 3.7.4 Verkemiddelpolitikk

*Styrke tilgangen på risikoviljug eigenkapital*

Det må arbeidast aktivt for å styrke tilgangen til risikovilleg eigenkapital, der vi i større grad prøver å kople kapitaleigarar med etablerarar/mindre bedrifter. Det kan her tenkast at vi prøver å bearbeide aktuelle investorar med interesse for fylket. Og at vi arbeider med å påvirke haldningar hos både kapitaleigar og småbedrift

- Selje inn verdien av at kapitaleigarar satsar på nye næringar
- Selje inn kor avgjerande det kan vere for ei småbedrift å gje slepp på noko av eigartilhøvet – for å skaffe kapital til å vekse

Og vi manglar eit fond som kan investere utan å bli målt på krav til avkastning, og bør vurdere eit slikt fond. Dette som eit supplement til dei fonda som Fjord Invest administrerer i dag.

*Stimulere til vekst i småbedrifter – tilrettelagt FoU-innsats*

For å stimulere til innovasjon og vekst i småbedrifter bør vi prøve å tilpasse tilboda innan innovasjon og FoU til mindre bedrifter, og selje inn virkemidla på ein lettfattleg måte

*Utvida mentorordning – for å få til vekst i småbedrifter*

Det vert lagt til grunn ei utvida mentorordning, der ein erfaren rådgjevar også kan hjelpe småbedrifter med å sjå dei mulighetene som måtte by seg. Det vert lagt til grunn ei ordning med lokale mentorar, og vi bør drøfte ei vidareutvikling av den mentorordninga som Innovasjon Norge tilbyr i dag

### 3.7.5 Breiband

*Forsterke det gode samarbeidet mellom kommunar og fylkeskommune, med breibandforum som bindeledd*

- Saman utforme store prosjekt som løyser ut statlege midlar
- Og styrke kommunane si evne til å initiere gode breibandprosjekt

*Sikre snøgg og god gjennomføring av dei prosjekta som vi får midlar til*

- Betre rådgjeving til kommunane (ev utføre arbeidet for dei kommunane som ønskjer det)
- Utvikle gode samarbeid, der ein lærer av kvarandre og utviklar ein sams måte å gjennomføre arbeidet på (standardisering av prosedyrar og dokument)

*Fylkeskommunen utfører arbeidet for dei kommunane som ønskjer det*

- Kommunane kjøper seg kapasitet og kompetanse hos fylkeskommunen